




Kommunar med grensekryssande elevar

Att: Skule/Økonomi



Bergen, 13.01.2015

Skoleskyss for elevar som går på privatskule i annan kommune enn heimkommunen

Skyss har siste tida fått ein del henvendelsar frå kommunar med grensekryssande elevar som går på privatskule. Desse henvendelsane har omhandla spørsmål som gjeld betalingsansvaret for desse elevane frå kommunegrensa og til skulen. Vedlagt er eit informasjonsskriv frå oss som beskriver reglar og rutiner som er gjeldande.

Skrivet sendast ut til alle kommunane som har elevar som går på privatskule i ein annan kommune enn heimkommunen, og til alle privatskulane det gjeld.

Med vennleg helsing,

Erlend Rongen
Fagkoordinator Skuleskyss



Privatskular i Hordaland



Vår ref.: 2014/10929-6

Dykkar ref.:

Bergen, 13.01.2015

Skuleskyss for elevar som går på privatskule i ein annan kommune enn heimkommunen

Privatskulelova gir elevar rett til skyss mellom den folkeregistrerte adressa og privatskulen. I tilfelle der eleven går på privatskule i ein annan kommune enn heimkommunen er skyssretten avgrensa til kun å gjelda i heimkommunen. Viser til Prskol. § 3-7:

Elevane har rett til skyss etter reglane i opplæringslova § 7-1 første og andre ledd om skyss i grunnskolen, § 7-2 første ledd om skyss i den vidaregåande skolen, § 7-3 om skyss for funksjonshemma og mellombels skadde eller sjuke og § 7-4 om reisefølge og tilsyn. Retten til skyss, reisefølge og tilsyn for elevar i grunnskolar gjeld berre innanfor kommunegrensa i den kommunen der eleven bur.

Dette betyr at heimkommunen er betalingsansvarleg for busstakst fram til kommunegrensa. Det er teknisk utfordrande å få til eit system som handterer dette. Difor vil heimkommunen i desse tilfella blir fakturert kun minstetakst 1-2 soner.

Alle elevar som bur meir enn 2 soner mellom heim og skule har sjølv ansvar for å ha gyldig reisebevis mellom kommunegrensa og skulen.

Reiser internt i Sone Bergen reknast som ei sone. Ved reiser inn og ut av sone Bergen skal alle sonene reknast med.

Målfrid Vik Sønstabø

Konst. direktør
Leiar trafikktilbod

Erlend Rongen

Fagkoordinator Skuleskyss

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.